

Uskedalen har to aktive symjarar - Henrik Dahle og Stian Sebastian Enæs Fjeldsbø.

Dei er med i Trio Svømmeklubb og i ettermiddag frå klokka 15 sit dei på SPAR og sel lodd for sporten sin.

Norges Svømmeforbund er 100 år i år og har i samband med det laga eit jubileumslotteri der ein kan kjøpa skrapelodd for 30 kroner pr. stk.

Det er mange fine premiar - pengepremiar, telt og sovepose, bilsett og mykje meir.

Inntekten går til dei lokale symjeklubbane sitt arbeid med barn og unge og til symjeforbundets arbeid med rekrutteringa.

Trio har bestemt at inntekten av loddsetalet skal gå til treningsleir i Danmark frå 31. juli til 8. august. Det er tredje året gutane skal på treningsleir og som i fjor går turen til Løkken.